

Vinje Kommune V/Turid Opsund

Saksmappenr. 2024/1750-5

Vil med dette søke om dispensasjon om frådelling av tomt på gards/bruksnr. 97/2 Førsvassvegen ca. 2.5 mål i henhold til komunedelplan frå 2019 då opparbeiding av tomt er ferdig planert men ser bygget er feil plassert på byggesøknad . Eg ynsjer å bygge her då det finst ingen andre alternativ .

Neri Helge Flothyl

21-05-2026

Neri Helge Flothyl

Torfinn Hagen

21-05-2026

Torfinn Hagen

Tilleggsinformasjon til søknad om frådelling og tilbaketrekt igangsetjingsløyve


Tilleggsinformasjon til søknad om frådelling av tomt på gnr/bnr 97/2 samt informasjon i samband med tilbaketrekt igangsetjingstillatelse IG2 delegert vedtak: 49/26

Frådelling av tomt

Viser til søknad av 20.5.2024 frå Neri Helge Flothyl der det blir søkt om frådelling av tomt til Torfinn Hagen og Jan Egil Hagen. Det blir i denne søknaden opplyst om tomta si plassering og størrelse. Det har no nyleg kome tilbakemelding om at ein mindre del av tomt vil vere lokalisert i LNFR område og at det krevjast dispensasjon for å dele frå. Dette var ikkje kjent for søkjar inntil kommunen opplyser munnleg om dette, det har heller ikkje framkomme informasjon om dette frå kommunen tidlegare og søkjar har ikkje vore klar over situasjon.

Området det krevjast dispensasjon for er lokalisert tett inntil LNF-område avsett for spreidde næringsformål. Det er lokalisert mellom allereie opparbeidde næringsområde samt anlegg for energiføremål (Statnett og Statkraft). Ein dispensasjon vil såleis ha svært liten endring på området sin verdi som friluftsområde og det er heller ikkje eit område som er egna for beite.

Etter innvilga igangsetjingstillatelse IG1 for grunnarbeid saksnr: 2024/1750 utferda 14.6.2024 er tomta opparbeida innafor område som var avmerkt i frådellingssøknad. Dagens situasjon er vist på skjermdump frå kommunekart.



Situasjonsbilete av ferdig opparbeid tomt med kommunedelplan Vågslid lagt over.

Tilbaketrekt igangsetjingstillatelse

Igangsetjingsløyve bygg IG2 vart gjeve 30.4.2026 som delegert vedtak: 49/26.

Det vart motteke 20.5.2026 vedtak om tilbaketrekt igangsetjingsløyve med grunngjeving at bygget si plassering avviker frå plassering av bygg i søknad. Søkjar si forståing av saka er at her er det ei misforståing ettersom det kommunen antek er ein bygning på bilete, i realiteten er to 40 fot fraktcontainerar som er lasta av og mellombels plassert på tomta. Situasjonsbilete viser dei to blå fraktcontainerar, grønt skravert område for bygning. Det er også avteikna ein lilla firkant der søkjar ynskjer å plassere bygning ettersom dette er ei meir hensiktsmessig plassering.



Situasjonsbilde som viser to blå fraktcontainere, grønnskavert byggeområde og lilla område der byggeområde er ønskt flytta til.